



Førebuingar til deltakinga i Siddis Brass i fjor. Veteranen Gunnvald Friheim frå Uskedalen står bak og er omkransa av Vegard Døsland (Uskedalen) og Sebastian L. Torjusen foran og Bjørn Naterstad (Uskedalen), Vegard Skåle og Marius L. Torjusen bak. (Foto: Thor Inge Døsland)

Rosendal Musikklag deltek naturleg nok i Siddis Brass i Stavanger også dette året, tevlinga som vert karakterisert som den viktigste for norske brassband ved sida av det årlege NM i Bergen.

Tevlinga går føre seg for 27. gongen lørdag 7. november og Stavanger Brass Baand er arrangør. Medlemene i RM er busett på heile strekninga frå Valen og innover og i år blir det rekordmange uskedelingar med i troppen.

Faktisk vil 6 av musikarane kome frå vår bygd. Dei er Sindre Aksnes og Inger Naterstad (begge i perkusjon/slagverksgruppa), Bjørn Naterstad (trombone), Birgitte Hjelmeland (horn) og konettistane Vegard Døsland og Gunnvald Friheim. Med andre ord er alders-spennet stort.

RM plasserte seg i fjor som nummer 16 av 19 korps i 3. divisjon.. Manger Musikklag vann ein klar og fortjent siger i elitedivisjonen - foran Eikanger-Bjørsvik Musikklag og Stavanger Brass Band.

Siddis Brass vert avvikla i Bjergstad Musikkcenter og er organisert slik at kvart band framfører eit underhaldningsprogram etter fritt val innanfor ei ramme på 20-25 minuttar. Opptak frå tevlinga har fleire gonger vorte sendt i NRK og BBC og vinnarane kvalifiserer seg til deltaking i den britiske "Brass In Concert".

Av Ola Matti Mathisen